

Kystvegen Måløy-Florø: – Dette er det viktigaste vegprosjektet i Vestland fylke

Kystvegen Måløy-Florø AS arrangerte torsdag konferanse i Parken kulturhus på Raudeberg. Etter at det store vegprosjektet blei nedprioritert av Vestland fylkesting i 2020, jobbar kystvegselskapet no hardt for ei framskunding.



Reidar Sandal er dagleg leiar i Kystvegen Måløy-Florø AS. Han har vore ein pådrivar for det store samferdsleprosjektet i mange år. No håpar han på ei framskunding. **FOTO:** GJERT MYRESTRAND

– Dette er det viktigaste vegprosjektet i heile Vestland fylke, sa dagleg leiar i Kystvegen Måløy-Florø AS, Reidar Sandal, i sitt opningsinnlegg.

Det overordna målet til Kystvegen Flora-Måløy AS har sidan selskapet blei starta i 2011 vore å bygge ein moderne, tidsmessig veg frå Måløy via Svelgen til Florø.

Svelgen-Indrehus var det høgst prioriterte fylkesveganlegget i tidlegare Sogn og Fjordane fylke, men fall mellom to stolar då det nye storfylket Vestland skulle gjere sine vegprioriteringar.

– Vi håpa på oppstart i 2021, men fleirtalet i Vestland fylkesting bestemte i desember 2020 å utsette oppstarten av Kystvegen med fleire år. Dette var svært skuffande. No håpar vi på ei framskunding, sa Sandal.

Uforløyst potensial

Han peikte på at det ligg eit stort uforløyst potensial i det å bygge Kystvegen.

– Dette vegprosjektet vil ikkje berre gjere det raskare å kome seg frå Måløy til Florø, men vil opne ein heilt ny bu- og arbeidsmarknad i regionen. Ikkje minst vil det og bidra til rekruttering av arbeidskraft frå ein langt større geografi enn i dag.

Sandal viste til at det er 23.640 innbyggjarar totalt i regionen som får direkte og stor nytte av prosjektet. Her reknar han inn Bremanger, Kinn og den vestlege delen av Stad kommune.



Bremanger-ordfører Anne Kristin Førde sit i styret i Kystvegen Måløy-Florø og hadde innlegg om betydninga prosjektet har for Bremanger. **FOTO:** GJERT MYRESTRAND

– Utbygginga må skje i tre-fire etappar. Førsteprioriteten ligg på å få på plass ein tunnel mellom Svelgen og Indrehus, som vil spare inn mange kilometers køyring på dårlege og smale vegar. Andre etappe er å bygge ei bru over Nordfjorden mellom Tongane i Bremanger og Biskjelsneset i tidlegare Vågsøy kommune. Denne vegen skal koplast til riksveg 15 på vestsida av tunnelen på Almenningsfjellet.



Kinn-ordfører Ola Teigen deltok på møtet i Parken kulturhus. **FOTO:** GJERT MYRESTRAND

Skal hovudsakeleg finansierast av bompengar og ferjeavløysingsmidlar

Det store samferdsleprosjektet er meint å få hovudfinansieringa si frå to kjelder – bompengar og ferjeavløysingsmidlar.

Leiar i transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget, Erling Sande, deltok på møtet og heldt mellom anna eit innlegg om ferjeavløysingsordninga.

Dagleg leiar i Måløy Vekst, Randi Humborstad, peikte på signala ho har teke imot frå næringslivet i ei årrekkje.

– Næringslivet har fortalt oss om behovet for denne kystvegsatsinga i mange år. Det er mange store næringslivssatsingar som treng denne vegen, både for å transportere varer og for å tiltrekke seg kompetanse, sa Humborstad.

Kystvegen Måløy-Florø AS har 37 aksjonærar, inkludert 11 kommunar frå Solund i sør til Herøy og Hareid i nord. Selskapet blei

oppretta i 2011, og i styret sit blant andre både Bremanger-ordfører Anne Kristin Førde, Kinn-ordfører Ola Teigen og dagleg leiar i Selstad AS i Måløy, Hans Petter Selstad.

– Kystvegen Måløy-Florø AS er ikkje ein lobbyist. Vi er eit pådrivarselskap for dette vegprosjektet. Vår jobb er å få formidla kva betydning det vil ha å få på plass ein veginfrastruktur som kan akselerere utviklinga i heile denne regionen. Dette prosjektet er kjempeviktig for utviklinga her på lang sikt, seier Reidar Sandal.